



Byggmester Bjørn Rune Kvinge As
Kvingebakkevegen 97
5981 MASFJORDNES

Referanser:

Dykkar: Bjørn Rune Kvinge
Vår: 23/4914 - 23/55372

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

30.06.2023

Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense - gbnr 35/10 Nævdal

Tiltak: Søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg
Byggjestad: Nævdal – Kv.1166 – Gbnr 35/10
Tiltakshavar: Steinar Nævdal
Ansvarleg søkjar: Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg.

Sakutgreiing:

Informasjon om saka:

Det vert søkt om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for oppsetjing av ny garasje/reiskapsbod. Arealet det er søkt om løyve til å setje opp garasje/reiskapshus er definert som LNF med spreidd busetnad. Garasje/reiskapshus er tenkt nytta for å ta ut skog på eigedomen.

Vurdering/drøfting:

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har vurdert søknaden og finn det forsvarleg å gje dispensasjon frå byggegrense mot veg.

Garasje/reiskapshus vil ha ei avstand frå midt kommunal veg på 12,5 meter. Avstanden vil sikre at dei tekniske krava som Vegdirektoratet har satt til avkøyrsla frå offentleg veg kan stettast. Vi ser at parkeringsplass og snu areal er samla. Disse skal være adskilte. Det skal være mogleg å snu inne på eigedommen når parkeringsplassen er i bruk. Situasjonsskart må oppdaterast når ein søkjer om utvida bruk av avkøyrsla. Det ligg, på noverande tidspunkt, ikkje føre søknad om utvida bruk av avkøyrsla. Vedtak om utvida bruk av avkøyrsla vert fatta når søknad ligg føre.

Til info:

Dersom ein har tenkt å ta ut tømmer på eigedom, vil vi informere om at kommunal veg har bruksklasse Bk 8, totalvekt på køyretøy (inkludert last) er 32 tonn. Tillat lengde på køyretøy er 12,4 meter.

Samandrag/konklusjon:

Alver kommune ved Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning finn det forsvarleg å gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på vilkår.

Vedtak:

Det er med heimel i Veglova § 29 med tilhøyrande regelverk at vegmynde gjev dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på følgjande vilkår:

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

- Minste avstand frå midt kommunal veg og næraste del av garasje/reiskapshus er satt til minimum 12,5 meter.
- Tiltaket utløyser krav om utvida bruk av eksisterande avkøyrsla. Løyve føreset at det vert innhenta løyve til utvida bruk av avkøyrsla.
- Dispensasjon frå byggegrense mot veg føreset at det ligg føre løyve til etablering av tiltak etter plan og bygningslova.
- Alver kommune frå seier seg alt ansvar for tiltak som vert plassert innafor byggegrense mot kommunal veg. Dersom det under drift og vedlikehald av kommunal veg oppstår skade på tiltak, er dette kommunen uvedkommande. Eigar av tiltak skal sjølv sørge for og påkoste utbetring av eventuelle skader.

Vedtaket gjev løyve til å plassere tiltaket nærare offentleg køyreveg enn byggegrense fastsett etter Veglova § 29. Tiltaket er søknadspliktig etter plan og bygningslova og må ha godkjenning etter dette regelverket for å kunne etablerast.

Det er med heimel i Veglova § 29 med tilhøyrande regelverk at vegmynde sett krav til tiltak som vert plassert innanfor byggegrense mot kommunal veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova og ikkje dei rettar/privatrettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Torkjell Holm Brenna
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Byggmester Bjørn Rune Kvinge As Kvingebakkevegen 5981
97

MASFJORDNES